



Foto: Henrik Mundal Andreassen

# 17. mai 2023

## PROGRAM FOR:

Leirvik, Hystad, Rommetveit, Langeland,  
Litlabø, Sagvåg, Tjødnalio og Huglo.

## TILSKIPAR:



STORD MUSIKKLAG

# Stord musikklag helsar

Grunnlovsdagen betyr mykje for oss alle, Noregs nasjonaldag. Dagen i 1814, då Norges Grunnlov vart underteikna av presidentskapet i Riksforsamlinga på Eidsvold, gjev oss identitet og fellesskap.

Og 17. mai hadde ikkje vore den same festdagen utan korps som skapar musikk og feststemning i gatene. Og korpsa strekker seg langt for å spele ved ulike markeringer og tilstellingar kringom på øya vår. Me sender

ei ekstra helsing til Stord/Rommetveit skulekorps som denne dagen spelar i 3 ulike barnetog i tillegg til Borgartoget! Det står det respekt av – og mange er særst takksame for denne innsatsen. Korps har i alle tider vore nytta ved ulike markeringer og høgtider, ikkje berre på 17. mai, men gjennom heile året – og slik skal det fortsetta. Me er eit musikalsk evigheitsprosjekt som svingar i styrke, balanse og tempo. Nokre korps slit med rekruttering og oppslutnad medan andre lukkas. Felles for oss alle er at dette er vårt fellesskap, der me får utøva vår hobby innan musikk og samspel. Der skapar og foredlar me musikalske dugleikar og forståing, lærer samspel og samarbeid. Det å få stå på ei scene og prestere saman, vera med å konkurrere og driva meiningsfylt organisasjonsarbeid, gjev oss høve til å vera bra medmenneske. Til liks med alle andre som er aktive i lokalt frivillig kultur og organisasjonsarbeid.

Alle oss i Stord musikklag er stolt på 17. mai. Då får me verkeleg gjort ein innsats for at dagen blir den festdagen både unge og eldre set så stor pris på. Når me til slutt legg instrumenta i kassane – og etter ein del tusen steg, er me godt slitne. Men alle smila og heiaropa me opplev, frå starten i Kaisvingen tidleg om morgonen – til innmarsjen i Parken etter Borgartoget, er meir enn nok løn for strevet!

*Til lukke med dagen, alle samen!*

*Beste helsing Stord musikklag.*



**HARDNOR**  
Meatjønnsvegen 25, 5412 Stord

# Gratulerer med dagen!

I dag feirar me landet og demokratiet vårt på vårt særeigne vis. Med korpsmusikk, bunad og flagg. Rømmegraut, barnetog og song. Mannskor, leikar og russ.

Eg gler meg veldig til å feira dagen i lag med dykk alle.

Som i fjor har årets 17. mai-feiring samstundes eit alvorleg bakteppe. Bileta frå den grufulle krigen i Ukraina har prega oss alle i over eitt år no. Tusenar er drepne og skada, millionar er drivne på flukt. Fleire av dei er komne hit til Stord, og vil vera saman med oss på markeringa av nasjonaldagen vår i dag.

Mot denne bakgrunnen er det særleg tydeleg at det å leva i fred i eit fritt og demokratisk land ikkje er noko sjølvsgatt – og at me har mykje å vera takksame for her i Norge. Og nettopp det er det viktigaste med 17. mai-feiringa vår; den minner oss om at fred, fridom og demokrati ikkje kan takast for gjeve, men er noko me skal vera takksame for og ta i vare.

Å stilla opp for kvarandre og ta vare på dei som treng det, er også ein viktig del av det me er som folk. Det har vore flott å sjå viljen til å hjelpa dei som er råka av krigen hjå nasjonale styresmakter, kommunar og folk flest. Som ordførar er eg stolt av at me her på Stord tek vår del av ansvaret for å ta imot flyktningar frå Ukraina og andre stader, og eg vil nytta høvet til å takka alle dei gode kreftene i lokalsamfunnet vårt som bidreg til å ta imot og inkludera nye innbyggjarar på ein god måte.

Eg ynskjer dykk alle ein flott 17. mai, og vil gje ein stor takk til alle som står på for å gjera dette til ein festdag i alle delar av den flotte kommunen vår.

*Hjarteleg til lykke med dagen, alle saman!*

*Beste helsing  
Gaute Straume Epland  
Ordførar*




# Herlege Stordøy

Herlege Stordøy, herlege Stordøy!  
Fager og fin millom fjordane blå  
Stig du or havet – bjart som ei solmøy,  
toppar og tindar mot skyene nå.  
Skogen han susar songen so lint:  
«Å, her er utifrå fagert og fint».

Bygdi seg breider ven i frå sjøen,  
speglar seg av i det djupaste blå.  
Gardane logne ligg upp på bøen,  
sjølve so kan dei i djupni seg sjå.  
Kjærlege heimar – ljøs yver liv,  
soli ho lyser og skuggane driv.

Herlege Stordøy, segnrrike strender,  
minne frå Håkon den Gode si tid.  
Inn i vår soga hev dine grender,  
skrive sitt namn i ein ærefull strid.  
Ransmann laut røma, Skrøya du batt,  
fridom du elska og fri stod du att.





**Ope: 10 - 20 (18)**



ADVOKATFIRMA ET  
RESPONSA

ecit



# Almaas Hotell Stord

Hotellet ligg kun 500m. frå Leirvik kai

# Multiconsult

[www.multiconsult.no](http://www.multiconsult.no)

# **Fylkesnes Bil**

/// ENKELT OG KOMPLETT ///



# **TANNLEGANE I SÆ**

**Emmerhoff • Brandt • Johannesen**

53 41 32 92


53 41 12 70

53 41 26 20

**Sæ 20, 5417 Stord**



# VELG EIN KRISTEN BARNEHAGE TIL BARNET DITT: STUASTØLEN GARDSBARNEHAGE OG BERGLY FAMILIEBARNEHAGE



ME ER DEI EINASTE PÅ STORD VELG OSS:  
ME ER HER FOR ALLE!

[www.solsikkenebarnehager.no](http://www.solsikkenebarnehager.no)



## Gratulerer med dagen!

**FRONTA**



zprint.no

[www.frontagruppen.no](http://www.frontagruppen.no)



# Møteplassen for inspirasjon og improvisasjon



**JAZZ** STORD  
JAZZKLUBB

[stordjazzklubb.no](http://stordjazzklubb.no)





**STORD DYREKLINIKK**

***Haugland  
Transport***

**Grov Grasklypp**

# Talarar - 17. mai 2023



**Svein Arne Theodorsen** - 67 - er fødd i Farsund og vaks opp i Langøy og Farsund. Svein Arne Theodorsen er Prost i Sunnhordland prosti og har elles lang yrkeserfaring som stiftsdirektør, rektor, forlagsjef, studentprest og høgskulelektor med meir. Svein Arne er sær s aktiv i det lokale kulturlivet. Han er styremedlem i Moster 2024 AS, og tidlegare styreleiar i Moster Amfi og Kyrkjehistorisk Senter AS. Theodorsen har elles mange interesser som famnar vidt: song og musikk, samfunnsutvikling, internasjonal politikk, hyttebygging og fotball!

**Svein Arne talar ved kyrkja.**

**Jane Jünger** - 51 - er fødd på Stord, og vaks opp på Halsnøy, Randaberg og Stord. Ho er kommunikasjons-sjef i Wärtsila i Norge, og har tidlegare mellom anna vore direktør på Sunnhordland museum og kommunikasjons-sjef ved den Nationale Scene. Jane Jünger har vore med og arrangert festivalar som «Før og No», «Falturiltu – Nynorsk barnebokfestival» og «Veteranskipfestival». Ho er forfattar av og redaktør for fleire bøker med tema som klosterhistorie, kvinnehistorie og bedehuskultur. På fritida syng ho i damekoret Corona og har tidlegare mellom anna vore med på musikal- ar med Bømlo teater i Moster Amfi. Jane har fleire kulturverv og sit i dag i styret for Moster 2024, Tora Mostrastrong-prisen og Haugaland og Sunnhordland maritime forum.

**Jane held tale i Parken**




**Magne Rommetveit** - 67 - er fødd og oppvaksen på Bryne, men har budd på Rommetveit sidan 1978. Magne Rommetveit har lang fartstid som polititar. Han var Stortingsrepresentant for Hordaland i perioden 2009 til 2021, medlem i fleire stortingskomitear, og i den siste fireårsperioden sat han i presidentskapet som 3. visepresident. I ein elles lang og brei yrkeskarriere var Magne Rommetveit ordførar på Stord i heile 16 år, og kommunalsjef frå 2007 til 2009. Magne har hatt mange styreverv opp gjennom åra, og i dag sit han i styret i Sunnhordland lufthavn, Deep Wind Offshore, Sunnhordland Geopark og Moster 2024. Demokratiet er hans store interesse, men på fritida er det og rom for båt- og hytteliv.



**Magne held tale og legg ned krans ved Bård Haugland-støtta og minnesmerke for Austri**



# 17. mai program for Stord kommune 2023



## FELLESARRANGEMENT LEIRVIK

- 08.00 Salutt.  
Flaggheising ved støtta av Bård Haugland. Stord musikklag, Leirvik Mannskor og Speidarane deltek. Tale og nedlegging av krans på Bård Haugland og minnesmerket for Austri ved Magne Rommetveit. Morgontoget går gjennom Leirvik til Døso. Stord Musikklag, Leirvik Mannskor og Leirvik Speidargruppe går vidare til sjukehuset der SM og LM spelar og syng
- 10.30 Tale og nedlegging av krans til minne om dei falne ved Stord Kyrkje ved Svein Arne Theodorsen
- 11.00 Open kyrkje - Stord Kyrkje
- 13.00 Gratis film i Kulturhuset – Agent Max
- 15.00 Borgartorget stiller på Torget. Kvart lag stiller under sine faner/merker. Sjå oppstilling og kart bak i programmet.
- 15.30 Toget startar (sjå rute bak i programmet) NB! Ingen køyretøy opp i Parken.
- 16.00 Folkemøte i Parken. Jane Jünger held tale for dagen. Stord Musikklag spelar og Leirvik Mannskor syng. Talen i Parken vert avslutta med Ja vi elsker.
- 17.00 Nasjonalfest i Frelsesarmeen. Servering av mat. Ordførar Gaute Epland held dagens ord.

## LEIRVIK SKULE

- 10.00 Elevane møter på skuleplassen
- 10.15 Opning av dagen ved 7. trinn
- 10.40 Barnetoget går fra skuleplassen.  
*Rute: Vikabrekko – Osen – Nattrutekaaien – Kaisvingen – Borggata – Torget – Sæ – Vikabrekko – skuleplassen.*
- 11:30 Kafèen på skulen åpnar
- 11.45 Framsyningar av elevar ved skulen

Etter framsyningane vert det leikar for store og små. Sal av is, pølser, brus, kaffi og kaker.

Kl. 14.00: Arrangementet er slutt.

## HYSTAD SKULE

- 08.00 Flaggheising
- 08.50 Elevane møter på skulen og stiller opp på idrettsbanen. Appell v/elevar i 7. Klasse. Stord Skulekorps spelar
- 09.30 Avgang med marsj ned til Stord Sjukehus, forbi legevakten og opp igjen Tysevegen og Håvåsen til Hystad skule.



- 10.00 Kafeteria i gymnastikksalen og pølsesal ute v/Stord Skulekorps sitt støttelag  
NB! Hugs mynt!
- 10.30 Leikar for born på idrettsbanen. Vidar Sagen-Roland har ansvar for potetløp.  
Vinnarane av det beste innslaget i 17. maitoget ver kunngjort klokka 11.45  
Det vert sal av is, brus og kaffi v/17. maikomitéen (her kan du bruke VIPPS)
- 12.00 Arrangementet sluttar

Foreldrekontaktane stiller opp klassane på idrettsbanen og føl dei i toget. Foreldrekontaktane har ansvar for at faner, flagg og plakatar vert samla inn og plasserte tilbake utanfor Pål sitt kontor. NB! Foreldra har ansvar for barnet sitt når 17. maitoget kjem til Hystad skule.

## HUGLO

- 10.30 Flagghelsing - Korpset spelar
- 11.00 Gudsteneste:  
- 17. mai-tog  
- Ord for dagen v/Kjersti Helland
17. mai-fest på skulen:  
- Matøkt (ta med mat og drikke sjølv)  
- Gratis brus til alle born  
- Leikar for små og store  
- Sal av is, kaker og kaffe

## LANGELAND SKULE

- 08:00 Flagghelsing.
- 09:30 Frammøte ved skulen. Elevane stiller opp.  
Me syng nasjonalsongen vår.  
Appell for dagen ved elevar frå 7.-trinn.  
Toget i år går frå skulen via Eldøyvegen, Lauvdalen, Verftsvegen og attende til skulen.  
Kiosksal og buffé opnar etter at toget er gått.  
Me syng «Herlege Stordøy»  
Elevinnslag.  
Konsert ved Langeland skulekorps.  
Blomeoverrekking  
Me syng «Norge i rødt, kvitt og blått»  
Etter konserten vert det leikar og filmframsyning.
- 13:00 Program ved skulen slutt.
- Neste års 1. trinn inviterast med i toget under eiga fane (bak vaksenkorpsset).  
Me oppmodar om å ikkje parkera bilane langs vegen der toget skal gå.  
Parkeringsplassane ved skulen er forbeholdt rørslehemma.  
Me ber dykk parkera på Heiane eller Vabakkjen.
- Betaling med vipps eller kontant
- 17:30 17.mai-fest i Horneland bedehus. Tale ved Jens Thoresen.

## ROMMETVEIT SKULE

- 08.00 Flaggheising på Rommetveit skule  
11.00 Gudsteneste i Aulaen  
Tale ved prost Svein Arne Theodorsen  
Fredsdikt av elevar frå 5. trinn  
Nordbygdo 17. maikor og 5. trinn syng  
"Gud signe Noregs land" og "Herlege Stordøy"  
11.45 Barnetoget stiller opp i Borggarden  
Nordbygdo 17. maikor stiller opp i trappa og syng  
"Gud signe Noregs land" og "Herlege Stordøy"  
11.55 Appell ved representantar frå 7. trinn  
Alle syng to vers av «Ja, vi elsker dette landet»  
3 x 3 HURRA!  
12.10 Toget går  
Ruta er den vanlege forbi Samhald og over Krokane  
12.55 Toget tilbake ved skuleplassen  
13.00 Leikar på skuleplassen  
Kafé i gymsalen  
Sal av pølser, brus og is ute på skuleplassen  
14.30 Arrangementet på skulen er ferdig

## FELLES BARNETOG 17. MAI I LITLABØ- OG SAGVÅGSBYGDA

- 08.00 Flaggheising v/Eldrebustadane i Buneset, Sagvåg skulekorps spelar.  
08.30 Frukost med andakt i Nysæter Kyrkje. Ta med pålegg, kyrka held brød og drikke.  
09.45 Toget stiller opp  
10.00 Toget går frå Sagvåg sentrum, via Buneset eldrebustader og forbi gamle Sagvåg skule.  
11.00 Toget stoppar ved kyrkja, korpset spelar «Ja vi elsker» og dagens tale v/minnestøtta.  
Krans vert lagt ned på minnestøtta.  
11.45 Arrangement ved skulane startar.  
Tidsmessig går det bra med fellestog for så å tilslutta seg tradisjonelle arrangement  
på dei tre skulane. Me oppmodar alle om ikkje å gå til skulane før dagens tale er ferdig.

## SAGVÅG SKULE

- 11.30 Arrangementet startar  
Velkomen og helsing i gymsalen.  
Kafèen opnar, leikane startar.  
12.00 Elevinnslag  
Appell v/Jonathan L, Hedda, Malin, Tuva og Emil frå 7 klasse.  
Kunngjering beste innslag i toget.  
12.45 Vinnarane av dei ulike konkurransane vert kunngjort.  
13.00 Leikane sluttar, arrangementet ved skulen sluttar.

## LITLABØ SKULE

- 11.30 Kafèen opnar  
Leikane startar  
Loddsal
- 13.00 Underhaldning i gymsalen  
Loddtrekning i gymsalen
- 14.00 Slutt

## TJØDNALIO SKULE

- 11.45 Arrangementet ved skulen startar  
Kafèane opna
- 12.00 Appell frå 7. trinnet  
Kunngjering av beste innslag i toget  
Korpset spelar og leikane startar
- 14.00 Arrangementet sluttar

Me oppmodar foreldra til å stå saman med borna sine under appellen og musikkinnslag. Leikane startar etter innslaga.

Kafeane tar betaling med VIPPS. Me oppmodar om at flest muleg brukar denne betalingsmåten. Om ein ikkje har VIPPS kan ein sjølv sagt bruka småpengar i kafeane.

Det er plass til ca. 40 bilar ved skulen/barnehagen. Det er svært viktig at uttrykingskøyrety skal kunna passera, så det er kun høve til å parkera på oppmerka parkeringsplassar, og ikkje ved rundkjøringa og langs vegen.





Coast Service



*Dei finaste hagane kjem herifrå*



# Sunnhordland Trafikkopplæring



# Høgskulen på Vestlandet

**SPAR**



ÅDLAND



t r e f f s t a d e n  
i s e n t r u m

Borggata 20, Leirvik på Stord  
Telefon 53 41 05 34



Din **totalleverandør** innan glas!

☎ 53 40 10 10

✉ [post@gbstord.no](mailto:post@gbstord.no)

📍 Svartadalen 3, 5412 Stord

🌐 [gbstord.no](http://gbstord.no)

- Glasrekkverk inne/ute
- Glas over kjøkenbenk
- Energiglas
- Vindu
- Interiørglas
- Glasdører





**RAGN  SELLS**

**En del av kretsløpet**

  
**FITJAR KRAFTLAG**



**Oma Slipp & Mek. Verksted a.s**

**/// Engevik &  
Tislevoll**



# Når du trenger elektriker...



**Stomas Elektro**

Torget 4, 5411 Stord

Tlf.: 53 40 23 40 | Døgnvakt: 481 02 340

stomas@stomas.no | www.stomas.no

**STOMAS**  
ELEKTRO



# TRENG DU FØRARKORT?

Kontakt oss i dag!

Tlf. 48 08 88 87 - [post@invia.as](mailto:post@invia.as)

[www.invia.as](http://www.invia.as)

**invia**  
*på vei med oss*



**KONTADO**

*Regnskap & rådgivning*

Besøksadresse: Jens Hystadvei 13, 5417 Stord

Tlf.: 53 41 38 85 - [www.kontado.no](http://www.kontado.no)


## Me har maskinar og fagfolk klare for nye oppdrag



GRAVING - SPRENGING - TRANSPORT - JORDSORTERING

**Stord Anlegg**

[www.stordanlegg.no](http://www.stordanlegg.no)



*Me ønskjer alle  
ei riktig god  
17. mai feiring*

**aktiv.**

Eiendomsmegling

Kontakt oss: [www.aktiv.no](http://www.aktiv.no)  
eller 53 43 03 33



**Oma Baatbyggeri as**

**Heiane**  
storsenter



STORD LAGERHOTELL

SEI SUNNHORDLAND  
EIENDOMSINVEST



Hipp hipp!

---

Gratulera med dagen!  
Helsing alle oss i Brilleriet.

---

**brilleriet**  
[www.brilleriet.com](http://www.brilleriet.com)



# Gud signe Noregs land

Arne Garborg

Gud signe Noregs land,  
kvar heim, kvar dal og strand,  
kvar lund og lid.

Han lat det aldri døy,  
han verje bygd og øy,  
Han verje mann og møy,  
til æveleg tid.

Her ligg dei grav i grav,  
frå hei og ned i hav,  
som stridde so,  
Gud sign kvar ærleg svein,  
som søv der under stein,  
Gud sign dei kvar og ein,  
der dei er no.



*Di eiga kraft*





# Ja vi elsker dette landet

Bjørnstjerne Bjørnson

Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,  
furet, værbit over vannet, med de tusen hjem,  
elsker, elsker det å tenker på vår far og mor,  
og den saganatt som senker drømmer på vår jord!  
Og den saganatt som senker,  
senker drømmer på vår jord.

Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,  
furet, værbit over vannet, med de tusen hjem.  
Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir,  
Også vi når det blir krevet, for dets fred slår leir.  
Også vi når det blir krevet,  
for dets fred, dets fred slår leir.

**SKADETAKST - LAKKERING - BILGLASS**

«Det lille ekstra»



*Auto*  
**INDUSTRI** AS



Tlf: 53 41 10 69 • Fax: 53 41 40 84 • E-post: [autoindu@online.no](mailto:autoindu@online.no)



# Gud signe vårt dyre fedreland

Elias Blix


Gud signe vårt dyre fedreland  
og lat det som hagen bløma.  
Lat lysa din fred frå fjell til strand  
og vetter for vårsol røma.  
Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kan seg søma.

No er det i Noreg atter dag  
med vårsol og song i skogen.  
Um sædet enn gror på ymist lag  
det brydder då etter plogen.  
So signa då Gud det gode såd,  
til groren ein gong er mogen.



# Oppstilling Borgartorget

1. Politi
2. Ordførar. Hovudtalar.
3. Flaggborg
4. Stord Musikklag
5. Leirvik Mannskor
6. Stord Idrettslag
7. Stord Formannsskap/Kommunestyre
8. Norsk Folkehjelp Sunnhordland
9. Olsen & Jensen Viseklubb
10. CISV
11. Stordkoret
12. Stord Hestesportslag
13. Stord Røde Kors
14. Stord/Rommetveit Skulekorps
15. Stord Skyttarlag
16. Idrettslaget Solid
17. Idrettslaget Trott
18. Stord Seilforening
19. Stord Undervassklubb
20. Stord Judoklubb
21. Stord Karateklubb
22. Stord Kulturskule
23. Høgskulen på Vestlandet(HVL)
24. Songlaget Stordabuen
25. Stord Ungdomslag/Stord Folkedans
26. Langeland Skulekorps
27. Leirvik Bedehus
28. IUF / Stord Petanqueklubb
29. Sundagsskulen
30. Frelsesarmeen
31. Kristkyrkja
32. Internasjonal Kulturklubb
33. Vestefjeldske Revkroklag af 1803
34. Stord Motorcross klubb (v/Sportstreff)
35. Russen (v/Sportstreff)



# Leirvik sentrum Stord

## 17. mai prosesjon



ÅH-12